



Sjølve kaiopninga – med ein bandkniv – gjekk ikkje utan besvær...(Foto: Ola Matti Mathisen)

Godseigar Hallvard og leilending Kristian lova at den ellefte kystkulturkvelden i Bøkkerverkstaden på Rød skulle bli ein triveleg og innhaldsrik kveld i eit særeige sjøbruksmiljø. Dei heldt kva dei lova – og vel så det. Opninga av bøkkerkaien var ein jonsokfest i særklasse.

Klimaks vart nådd ved midnatt då Tor Ove Rød fyra opp jonsokbålet – truleg det mest imponerende og originale jonsokbål til dags dato i Uskedalen. Det bestod av dei gamle hesjestaurane frå garden som var fulle av mit og dessutan ikkje hadde nokon funksjon lenger.



Sigvald Eik (91) svikta ikkje denne gongen heller. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Og som eit ekstra crescendo nytta leilendingen høvet til å brenna opp gamlebåten sin, alt medan han sjølv spela Måkeskjærvalse på trekkspel. Men det lyt presiserast at båten var sterkt stormskada og har vore moden for bålet lenge.



Borge Olsens kvintett fekk det verkeleg til å svinga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Mellom dei 60 gjestene som satt i spondungen mellom tønner, garn, ruser, teiner og tauverk var ein spesiell familie. Dagen etter skulle Jens Tvedt-jubileet markerast i Omvikdalen og barnebarnet til heimstad-diktaren – Åleiv Nedberg - var invitert til festen saman med sine.

Festen hadde ellers det vanlege ritualet med lubbesildeting, god musikk og friske verbale prestasjonar, alt sikkert leia av leilendingen.

Men spesiell denne gongen var altså opninga av den 20 meter lange og fire meter breie kaia som gjer det mogeleg å koma til Bøkkerverkstaden sjøvegen att og som er godkjent av kommunen og Kystverket. Fleire kom sjøvegen allereie under opninga, mellom dei ekteparet Lilleås med Fatuhiva som har vore halve jorda rundt. Sjølve opninga skjedde då eit band vart skore over – ikkje utan besvær – av Tor Ove Rød med ein bandakniv. Høgtida vart vakkert ramma inn av sprøde tonar frå Ole Jakob Hystad sin saksofon.

Under opninga kom leiglendingen med den overraskande opplysning at det førebels er Uskedal Trelastlager og Kvinnherad Energi som eig kaia. Forklaringa er at dei to verksemdene har til gode 40.000 kroner for leveransar

av materiell medan totalkostnaden for det imponerende byggverket ligg rundt 60.000. Men leigendingen og hans drabantar reknar med ei rask nedbetaling når bestillingane strøymmer inn. Dei har allereie fleire inne og nedbetalinga fekk ein god start med eit vinlotteri under festen.

Ein stor dugnadsjobb er gjort med kaien og desse vart spesielt kalla fram og takka for innsatsen: Tor Ove Rød, Leif Magne Framnes, Hallvard Rød, Svein Ove Bråtun, Eilif Myklebust, Atle Toresen og Steinar Haktorsen. No manglar det berre eit skjørt og ein snublekant.

Når det så gjeld musikken, fekk Borge Olsens kvintett det verkeleg til å svinga og ingen blir vel fornærma når vi gjev bestemannsprisen til den nemnde saksofonisten frå Stord.

Ørjan Bakke og Bjørn Skibenes serverte nokre til dels svært saftige smakebitar frå Husnes-revyen. Særleg er det grunn til å stoppa opp ved at Skibenes hadde fullendt åpriningssongen med eit vakkert vers om Uskedalen.

Og apropos tradisjonar: Også denne gongen var Uskedalens "grand old man" Sigvald Eik (91 år!) sprekt tilstades og resiterte Andre Bjerkes dikt "Kjerringa mot strømmen" utan besvær!

Av Ola Matti Mathisen



Leigending Kristian Bringedal leia det heile på rutinert vis og her spelar han til allsongen. Til høgje forsangar og multi-underhaldar Bjørn Skibenes. (Foto: Ola Matti Mathisen)